

# Retningslinjer for dispensasjon frå krava i yrkestransportforskrifta § 48 i Møre og Romsdal fylkeskommune

Gjeldande frå 1. november 2020

Fastsett av samferdselsutvalet i Møre og Romsdal i møte 21. oktober 2020.

Frå 1. november 2020 er det innført endringar i drosjereguleringa, jamfør lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova), LOV-2002-06-21-45, Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften), FOR-2003-03-26-401, og forskrift om endring i forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften), FOR-2019-12-06-1646.

## 1. Regelverk:

Forskrift om endring i forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften), FOR-2019-12-06-1646, paragraf 48 lyder:

*«§ 48. Merking, taklykt og tilleggsutstyr mv.*

*Drosje skal merkes utvendig på begge sider med løyvenummer med skrifthøyde på minst 100 mm når kjøretøyet benyttes som drosje. Løyvenummeret skal plasseres på drosjens sidedør og være i kontrastfarge til fargen på drosjen. Løyvenummer og kjøreseddel skal være synlig fra passasjerens plass.*

*Drosje skal være utstyrt med godkjent taksameter. Taksameter skal være montert og belyst slik at takstgruppe og beløp kan leses fra passasjerens plass. Utgiftene til anskaffelse, montering og vedlikehold av apparatene dekkes av løyvehaveren.*

*Drosje kan ha taklykt som foran og bak har påskriften TAXI samt løyvenummer. Dersom drosjen har taklykt må den godkjennes av Vegdirektoratet.*

*Drosje kan ha installert annet kommunikasjonsutstyr eller spesialutstyr.*

*Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stedet sette inn annen vogn som fyller kravene i første, annet og tredje ledd. Bestemmelsen i § 13 gjelder tilsvarende for slik vogn.*

*Løyvemyndigheten kan i særskilte tilfelle gi dispensasjon fra kravene i denne bestemmelsen.»*

## 2. Bakgrunn:

I høyringsnotat frå samferdselsdepartementet datert 1. oktober 2018 om endringar i drosjereguleringa og oppheving av behovsprøving mv., har departementet gjort greie for kva som ligg bak at løyvemyndigheita kan gi ein eventuell dispensasjon. Under kapittel 5.7, særskilte løyvekategoriar, står dette nemnt:

*«Departementet ser at det i noen særskilte tilfeller kan være aktuelt å gi dispensasjon fra kravene om merking og taksameter for kjøretøy. Dette vil for eksempel gjelde kjøretøy som utelukkende tilbyr transporttjenester i det tidligere selskapsvognsegmentet. På denne bakgrunn foreslår departementet at løyvemyndigheten gis hjemmel til å gi dispensasjon fra kravene om taksameter og merking for kjøretøy som utelukkende driver med kjøring i forbindelse med statsbesøk, bryllup mv. Det skal ikke gis dispensasjon dersom løyvehaver ønsker å tilby transporttjenester i det ordinære drosjemarkedet.»*

### **3. Krav til dispensasjon sett i retningslinjer for Møre og Romsdal:**

Frå 1. november fell særskilte løyvekategoriar selskapsvognløyve, løyve for transport for funksjonshemma og utvida drosjeløyve bort, og det blir innført eit drosjeløyve for all transport med motorvogn registrert for åtte personar i tillegg til førarsetet.

Departementet har gitt høve til at løyvemyndigheta i særskilte tilfelle kan gi dispensasjon frå krava i yrkestransportforskrifta § 48.

Ein eventuell dispensasjon kan bli gitt etter søknad frå løyvehavar og skal bli vurdert skjønsmessig.

Ved vurdering av ein søknad om dispensasjon, sett Møre og Romsdal fylkeskommune følgjande krav:

1. Ein dispensasjon frå krava i yrkestransportforskrifta skal berre bli gitt i særskilte tilfelle
2. Ein dispensasjon frå krava i yrkestransportforskrifta § 48 kan berre bli gitt til ein løyvehavar med drosjeløyve
3. Løyvehavar skal ikkje tilby tenester i den ordinære drosjemarknaden
4. Motorvogn skal vere av eksklusivt materiell godkjent av løyvemyndigheita
5. Registreringsnummer på motorvogn skal vere oppgitt i søknaden dersom køyretøyet allereie er erverva. Dersom søkaren ikkje har køyretøyet på søknadstidspunktet, skal det leggest ved dokumentasjon på kva for køyretøy som vil bli brukt.
6. Varigheita på dispensasjonsperioden blir vurdert utifrå søknaden
7. Den kan bli gitt dispensasjon for «merking og/eller taksameter»
8. Ein søknad om dispensasjon for taksameter skal bli vurdert i lys av dei omsyna som grunngeiv taksameterplikta
9. Behovet for dispensasjon skal dokumenterast

### **4. Administrasjon**

Samferdselsutvalet delegerer til samferdselssjefen å administrere løyvetildeling med eventuelle dispensasjonar i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer.

### **5. Iverksetting**

Desse retningslinjene trer i kraft etter vedtak av samferdselsutvalet i Møre og Romsdal 1. november 2020.